



Fyresdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst

Vedtekter for

Fyresdal skulefritidsordning

Vedtatt i kommunestyret, sak13/18, dato 01.03.18

1. Formål

SFO skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen for 1. t.o.m. 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 5. t.o.m. 7. klasse. SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal få gode utviklingsvilkår.

2. Eigartilhøve og styring

Fyresdal kommune er eigar og drivar av SFO. Rektor på Gimle skule er pedagogisk og administrativ leiar. Samarbeidsutvalet er det rådgivande og samordnande organ. Administrasjon av SFO er lagt til sakshandsamar ved oppvekstkontoret. SFO-ansvarleg for dagleg drift utøver den daglege drifta av SFO.

3. Opningstid

SFO er eit abonnement på 10 månader som fylgjer skuleruta. SFO er open måndag, tysdag, torsdag og fredag før og etter skuletid mellom kl. 07.00 – 16.30. Onsdag, som er skulefri, er SFO open heile dagen, kl. 07.00 – 16.30.

SFO er stengt i juli måned, på planleggingsdagar og i jola (24.12 – 31.12). SFO held ope onsdag før skjærtorsdag til kl. 12.00.

4. Bemanning

Norma for bemanning er 1 vaksen pr. 1 -10 (max.13) barn, dette er avgjort kommunalt ut frå lokale forhold og behov, jamfør opplæringslova §13-7, Ot.prp nr. 60.

5. Betaling

SFO vert driven med inntekter frå staten, kommunen og foreldra. Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Satsane for eigenbetaling justerast administrativt i samsvar med dei til ei kvar tid vedtekne satsane. Viser til oppdaterte satsar på kommunens si heimeside.

Ved ei eventuell endring av organiseringa av skuledagen på Gimle, timesats eller vedteken opphaldstid i SFO, får administrasjonen fullmakt til å endre dagsatsane pr. mnd. i tråd med politiske vedtak.

Betaling for 10 mnd. i året, frå 15 aug.-15.juni.

Det blir gitt 30% syskenmoderasjon for barn nummer to og 50% for barn nummer tre. Dette gjeld og når eit eller fleire av syskena er i barnehagen.

Det er dei som har eit SFO tilbod til vanleg, som kan søkje om plass i sommarferien (juni etter skuleslutt og august før skulestart) og andre feriar.

Ved ledig kapasitet, kan dei som har plass i SFO søkje om ekstradagar. Dette må avtalast seinast dagen før.

Tilbod heile dagar, ekstra dagar, dagar utover dei du betaler for i månadsabonnementet blir fakturert i tillegg til abonnementet.

Minstetalet for å halde SFO ope er 4 barn.

SFO utover fast tilbod, blir fakturert pr. time to gonger i året.

Om brukarar seier opp plassen etter 1. april, må dei betale fullt ut for resten av skuleåret.

Dette gjeld ikkje ved flytting frå kommunen.

Det vert sendt purring på ubetalte rekningar. Ikkje innbetalt plassbetaling kan det medføre at plassen blir oppsagt.

Ved ikkje meldt fråvær over 50% kan plassen bli sagt opp. Viktig å ansvarleggjere føresette om å gje beskjed når barnet ikkje kjem på SFO.

Det er høve til å fakturere eit gebyr når opphaldstida ikkje blir halden.

6. Opptak/opptaksansvarleg

Hovudopptak blir gjort ein gong i året og skjer etter søknadsfrist 15. mars. Alle som søker innan fristen skal få plass.

Nye barn som blir tatt opp i skulefritidsordninga startar opp ved skulestart.

Det skal søkjast på elektronisk skjema. Dette finn de på heimesida til kommunen.

www.fyresdal.kommune.no

Hovudopptak av barn skjer administrativt. Opptaksansvarleg er rektor Gimle skule og sakshandsamar frå oppvekstkontoret. Barn som får plass i SFO, får behalde plassen til dei byrjar i 5. kl.

7. Endring av tilbodet eller oppseiing av heile plassen

Ynskjer føresette å endre eksisterande tilbod, eller søkjast det om heilt ny plass utanom hovudopptaket er frist for dette den 1. i kvar måned. Dersom ein får endra tilbodet, gjeld endringa frå den 1. påfølgande måned.

Frist for oppseiing av heile plassen er den 1. i kvar måned. Det er ein månads oppseiingstid og ein betalar for plassen i oppseiingstida. Oppseiinga må vera skriftleg. Foreldre som skal ha barna sine på SFO neste skuleår, kan i regelen ikkje seie opp plassen bare for sommarferien.

8. Planleggingsdagar

SFO fylgjer skulen si skulerute med planleggingsdagar. SFO vert stengt desse dagane.

9. Måltid

Mat blir til sjølv-kostprinsippet. Dette kjem i tillegg til opphaldsprisen.

10. Bringing/henting i SFO

Bringing til og henting frå SFO er eit foreldreansvar. Føresette som hentar barna for seint kan bli fakturert for dette, jamfør punkt 5, betaling.

11. Leike- og opphaldsareal

Lokala til SFO skal vera eigna til verksemda. Det skal vera gode vilkår for leik både ute og inne.

12. Skadeforsikring av barna

Kommunen må sjølv syte for ulykkesforsikring av borna der dei ikkje blir omfatta av folketrygdlova.

13. Klage

Formannskapet er klageinstans i saker som gjeld SFO.

14. Igangsetting

01.03.2018